

Dei utrulege utrøytelege gapparane frå Fripp

Av George Saunders
Skald forlag, 2007

George Saunders si barnebok er både absurd, moralsk og samfunnskritisk. Ei omfattande historie saman med kreative illustrasjonar skaper ein fabelaktig barneroman. Me møter jenta Kapabla som bur i bygda Fripp der ein lever av å selje geitemjøl. Men livet er ikkje så enkelt. Bygda er nemleg infisert med såkalla gapparar, nokre små knall oransje dyr som kvar natt klengjer seg fast til geitene slik at dei ikkje gir mjøl lengjer. Kvar morgon må ungane i bygda springe rundt og plukke gapparar av geitene. Men ein dag bestemmer udyra seg for berre å angripe geitene til Kapabla og faren.

Boka ber preg av sterke fargar og absurde illustrasjonar som er med og driv ei spanande historie framover. Romanen har tydelege trekk av fabel, noko som gir historia eit draumepreg som mange born vil kjenne att frå eventyret. Men historia er omfattande, med fleire konflikter og forholdsvis mange personar. Difor vil truleg boka passe best for dei eldre borna, men dei yngre borna vil nok likevel finne mykje glede i dei sterke fargane og teikningane.

Moralen er sentral i historia. Saunders prøver å vise oss kor viktig det er å hjelpe kvarandre, og å vere mindre egoistiske. Noko av moralen spelar også på den redselen mange av oss har når livet er i ferd med å endre seg. Det er med andre ord ei historie med mange lag og som kan vere vanskeleg å orientere seg i for barnet dersom den ikkje vert supplert med forklaringar og likningar.

Saunders har skrive ein barneroman dei fleste må strekke seg etter. Det var kanskje også heile meininga.




Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV NORSK KULTURRÅD, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION 04/2008, 9. årgangen — ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81. Heimeside: www.pirion.no Ansvarleg redaktør: Toynei Tobekk, mobil 98 22 14, no Redaksjon: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, E-post: pirion@norsk-plan.no Formgeving: Salikat Design

Returadresse:
Pirion,
Næringsbedet i
Vatlandsvåg,
4235 Hebnes

NOREG



B

P.P.

LES!
HØYR!



Frosken og vennene hans

Av Max Velthuis
Lydbokforlaget 2008 i CD
Omsett av: Hanna Midtbø og
Halldis Moren Vesaas
Lest av: Inger L. Gundersen
Musikk/song: Inger L. Gundersen
Musikkprodusent/lydeffektar:
Morten Fjoss

«Det bur ein liten fyr i skogen, grøn frå topp til tå. Kan hende har du gjetta det alt, det er frosken eg tenkjer på. Og vil de høyre så skal eg fortelje om frosken i dag. Kva han og alle vennene hans gjer inni i skogen i lag. Ein frosk så grøn og grei og god, det er han du får høyre om no.»

Med denne songen startar lydboka om Frosken og vennene hans. Mange har nok kjennskap til bøkene skrivne av forfattaren Max Velthuis. Bøkene er vennlege og humoristiske og tar opp viktige emne som vennskap, kjærleik, framandfrykt, redsle og glede.

Sju historier om frosken og vennene hans anda, haren, grisen og rotta er no gitt ut som lydbok. Inger L. Gundersen les og syng, og ho har også laga songane og musikken. Kvar av historiene inneheld tre

songar. Morten Fjoss har laga lydeffektar som forsterkar kjenslene i forteljingane. Kombinasjonen forteljing, song, musikk og lydeffektar er svært vellukka. Det gir ein spennande variasjon.

Lydboka er basert på desse bøkene om Frosken og vennene hans:

Frosken om vinteren - om kor fælt frosken fraus då vinteren kom, og korleis vennene hjelpte han med å halde varmen.

Frosken finn ein venn - om då frosken møtte den vesle bjørnen som låg heilt livlaus i graset og som han tok med seg heim.

Frosken og den framande - om rotta som hadde slått leir nede ved elva og som ingen ville vite noko av fordi han ikkje var ein av dei. Berre frosken lurte på kven han eigentleg var og tok turen til elva.

Frosken og den spesielle dagen - om då frosken følte seg lurt fordi haren hadde sagt det var ein spesiell dag, men så var det ikkje det. Eller var det...?

Frosken er redd - om då frosken vaknar om natta og er redd fordi han har høyrte eit spøkelse under senga.

Frosken er ein helt - om då frosken redda alle vennene sine etter den store flaumen - eller i alle fall nesten.

Den forelska frosken - om då frosken forelska seg i den kvite anda. Men går det an då? At ein grøn frosk forelskar seg i ei kvit and?

Dette er ei riktig kosebok for dei aller minste. Frå 4 år
Elna Rivedal

nr. 4 - 2008
Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular



med maske

Aud Sigrid Flestrand sine tips til teater:

Eventyr er godt eigna til dramatisering. Klassikarar som **Raudhette**, **Dei tre bukkane Bruse** og andre snille eventyr passar godt for dei små. Dei er korte og har mykje dramatik. Det passar fint for små ungar som ikkje greier å halde fokus så lenge.

FRI med maske

Når vi kler oss ut, tar vi på oss ein annan personlegdom. Det kan vere veldig frigjerande, fortel scenograf og kostymemakar Aud Sigrid Flesland.

TEKST: TOYNI TOBEKK



Småting ein har i barnehagen kan vere godt eigna til kulisser og kostymer, forsikrar scenograf Aud Sigrid Flesland.



Born frå Etne Kulturskule i kostymer designa av Aud sigrid Flesland til teateroppsetjinga «Dei 12 månadane».

- Det kan kjennast meir naturleg for eit barn enn for ein vaksen å kle seg ut. Kanskje heng det saman med at barna enno ikkje veit kven dei skal bli og derfor lettare kan leve seg inn i ei fantasiverd.

Flesland har jobba med mange teaterproduksjonar for barn og opplever at barna bruker teater og rollespel til å få uttrykke kjensler dei ikkje alltid greier kome fram med elles. - Dei sjenerte blir ofte modigare når dei kjem på ein scene, meiner Flesland. - Då har dei «lov» til å uttrykke seg.

Rollespel kan og vere eit godt høve til å hente fram dei ungene som til vanleg ikkje får stå i fokus på eit positivt vis, og Flesland minner om at det kan gjere underverk for eit barn som blir mobba eller utstytt å få spele prinsen, helten eller ein av dei andre gode hovudrollene i ei oppsetjing.

Pappesker og mormors gardiner

Kostymer og kulisser spelar ei viktig rolle i drama, anten ein har ei teateroppsetjing i kulturskolen eller eit enkelt rollespel i barnehagen. - Eit kostyme er med og stadfestar kven du er, kva yrke du har, statusen din og kva periode du opererer i, seier Flesland. Sjølv om det kan vere kjekt med tilpassa kostymer, er mormors gamle gardiner mange gonger godt nok for den kvardagslege rolleleiken. Papirmasker på pinnar er også enkle å lage og bruke.

- Pappesker er dessutan svært eigna til kulisser, seier Flesland. - Dei tålar mykje og kan brukast til nesten kva som helst. Du kan til dømes skjere ut ei dør og lage eit inngangsparti, føreslår ho. Eventyret Prinsessa på erta har til dømes blitt sett opp med kulisser laga utelukkande av pappesker. Med litt maling eller stoffrestar kan ein få til mykje med lite.



For ein større produksjon kan det vere på sin plass med sydde kostymer, men då meiner Flesland det er viktig å hugse på at kostyma må vere god å ha på og gi rom for at skodespelaren kan bevege seg fritt.

Barnehagen eller skulen kan gje ei teaterframsyning eit profesjonelt preg med nokre enkle grep. Lyssetjing kan til dømes gjere mykje for å understreke og styre fokus dit regissøren ønskjer. - Den som har lyset på seg er den som får mest fokus. Får du lyset på deg ovanfrå og ned, verker du mektig, medan lys nedanfrå får deg til å verke underdanig.

I kva grad ungene sjølve skal vere med å påverke kva eit rollespel skal handle om og kva kostymer som skal brukast avheng sjølvstøtt av om ein snakkar om å setje opp eit stykke som skal framførast for eit publikum eller om ein berre skal leikespele i barnehagen. Flesland synest godt ungene skal få vere med og bidra kreativt. Det kan vere ei god hjelp for vaksne som nok blir noko meir firkanta i fantasien, som ho uttrykkjer det. - Men på eit tidspunkt må det setjast ei grense for når den kreative fasen er ferdig og det er på tide å byrje å spele teater.

Og alle kan vere med, meiner ho. Til og med dei aller minste. - Dei som er så små at dei ikkje kan snakke, må kanskje ha ein vaksen med til å hjelpe seg. Men det bør finnast roller til alle!

Litteraturskøtt til alle

Ei ny bok med moderne nynorsk barnelitteratur er i desse dagar på veg ut til 8 200 barnehagar og skular over heile landet, heilt gratis.

Boka Les for meg! er først og fremst ei høgtlesingsbok og inneheld ei samling av tekstar, bildebøker, songar og dikt frå 43 ulike forfattarar og 22 teiknarar. Boka er meint for småfolk mellom fire og åtte år, og her kan lesar og lyttar møte Dusteffjerten og Bollefisen og andre kjende bamebokfigurar.

Redaktør Petra J. Helgesen fortel at det har vore ei målsetjing å formidle litteratur som ikkje er meir enn 10 år gammal. Alle tekstane så nær som ein har vore publiserte før, og ikkje alle blir presenterte i sin heilskap. Men Helgesen understrekar at alle historiene står på eigne bein. Boka har dessutan fylldige illustrasjonar som opnar for samtale og fabulering.

- Det har vore viktig å ha eit breitt utval av tekstar, seier Helgesen. - Tekstane skal vere fengande og inspirere til vidare lesing av andre tekstar.

Også for bokmålsfolk

Det er Nynorsksenteret i Volda som har vore initiativtakar til utgjevinga, og boka blir gitt ut på Samlaget. - Mange lærarar og førskulelærarar

opplever at det kan vere vanskeleg å finne nynorske tekstar til høgtlesing. Vi håper at denne boka kan vere ein dørøpnar til den nynorske barnelitteraturen, fortel leiar Anne Steinsvik Nordal ved Nynorsksenteret. Det er viktig at barn får eit stort og rikt ordforråd, og lesing er eit naturleg verkemiddel i så måte, peikar Nordal på.

At nynorske tekstar skal vere utfordrande å lese for bokmålsrøynde folk, er ikkje utgjevarane bekymra for. - Dei aller fleste dialektar i Noreg er vel så nære nynorsk som bokmål, meiner redaktør Helgesen.



Rune Belsvik les om Dusteffjerten og Bollefisen, to velkjende og kjære figurar frå den norske barnelitteraturen. Frå lanseringa av antologien Les for meg!

Å bruke biletboka

Gjennom enkel analyse kan bileta i ei biletbok gi både lesaren og den som høyrer på ei sterkare leseoppleving.

Ingjerd Traavik er lektor ved Høgskulen i Volda og har arbeidd mykje med bilete og biletanalyse. På lanseringsseminaret for boka Les for meg! fortalde ho korleis den som les høgt for barnet, kan bruke bileta for å gi lesinga eit ekstra løft.

Farge, miljø, rekvisittar, karakterane sin alder, rase, kjønn, alle desse elementa i biletet kan ha ei meining som saman med teksten driv handlinga framover. Som ein start meiner Traavik det kan vere greitt å ha nokre konkrete omgrep på plass, slik at ein til dømes veit at ein vaskesetel er den korte teksten bak på boka som fortel litt om innhaldet.

I bileta kan ein leite etter linjer som understrekar det teksten seier. Vassrette linjer skapar ro og

kvile og kan gi inntrykk av stillstand, fortel lektoren. Diagonale linjer gir fart, rørsle og handling, medan loddrette linjer gir inntrykk av autoritet. Fugleperspektiv og froskeperspektiv er andre omgrep det kan vere greitt å kjenne til. Fugleperspektivet formidlar avstand og overblikk, medan fugleperspektiv kan formidle makt og avmakt.

Kjønnspektivet er eit moment som kan opne for interessante tankar, og Traavik utfordrar lesaren til å tenkje etter: Er kjønn avgjerande for framdrifta i boka? Følgjer karakterane kjønnsnormene, er dei stereotyp framstilt?

- Prøv for eksempel å byte ut dei feminine karakterane i eit bilete med maskuline, føreslår ho, og spør: - Endrar det framstillinga?

Traavik gir i desse dagar ut ei eiga bok om biletanalyse.

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære? **Pirion-kurs** Les meir på www.pirion.no